

Granvin herad
Postboks 13
5733 Granvin
Att: Asbjørn Helleve

ADRESSE COWI AS
Sandvenvegen 40
5600 Norheimsund
TLF +47 02694
WWW cowi.no

DATO 11. desember 2016
SIDE 1/1
REF ods
OPPDRAGSNR

Utglidnings- steinsprangersrisiko som følgje av sprenging ved Nesbø hellegneis

Viser til telefonsamtaler og tilsendt informasjon om frykt for effektar av sprenging på Nesbø hellegneis-området.

COWI har vore i kontakt med Statens Vegvesen v /Lars Magne Røneid, grunneigar Jon Spildo Prestegard samt Anved Lillegraven og Espen Seim i Granvin Maskinstasjon for å innhenta informasjon og synspunkt om saka.

For å få meir fakta inn i diskusjonen har firma Instanes AS gjennomført rystelsesberekningar.

Det er lite som tyder på at sprengingsarbeidet kan utløysa utglidningar eller steinsprang i Spildoområdet. Ingen av berekningane frå Instanes AS indikerer at det er rystelsar over kritiske verdiar som kan påreknast på Spildo.

Vurderingane er ikkje gjort med grunnlag i detaljinformasjon om området. Grunneigar uttrykkjer frykt for at det kan skje utglidningar er steinsprang som følgje av sprengingsarbeidet. Det er vanskeleg å konkludera sikkert med at det er trygt utan meir detaljar sjølv om alt tilseier at det ikkje er risiko med tiltaket. Det bør også takast med i vurderingane at det har vore større utglidningar i Granvinsvatnet.

COWI tilråd derfor at reguleringsplanen for Nesbø hellegneis kan vedtakast, men at det vert gjennomført geotekniske vurderingar og rystelsesmålingar i området.

I første omgang vert det tilrådd ei synfaring med geoteknikar som deretter foreslår eit undersøkingsprogram. For at berørte partar skal vera sikre på at undersøkinga er tilstrekkeleg vert det tilådd å leggja forslaget fra for NVE før det vert sett i gang.

For COWI



Oddmund Soldal

Vedlegg: Notat frå Instanes AS